



Helge Langenes
Langeneset 82
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4399 - 22/47407

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
20.06.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 60/27 Langenes

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 60/27,22
Tiltakshavar: Helge Langenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet ligg i uregulert område sett av til bustadformål i kommunedelplan for Lindås. I følgje punkt 2.2 i føresegnene til kommunedelplanen er det krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før det mellom anna kan gjevast løyve til arealoverføring.

Arealet må anten regulerast eller det må søkjast om dispensasjon frå dette punktet før søknad om arealoverføring kan handsamast. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#). Og i vedlagte informasjonsskriv. Gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarlas og at søknaden er gebyrbelagt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Helge Langenes

Langeneset 82

5912 SEIM